

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

John Andre Kongsvik (H) sette fram slikt forslag:

Fråsegn - Energi til arbeid

Energi til arbeid Vestland fylkeskommune viser til Stortingsmeldinga «Energi til arbeid» og støttar hovudføremålet om å skape utvikling, arbeidsplassar og nye mulegheiter for Norge samtidig som utsleppa blir kutta.

Vestland fylkeskommune ser det som svært viktig å bruke energiresursane våre til å skape vekst og nye arbeidsplassar. Rundt 200.000 nordmenn er heilt eller delvis arbeidsledige og fleire bedrifter ligg med broten rygg. Vi må skape nye og bevare eksisterande arbeidsplassar i privat sektor. For å lukkast med dette må vi sikre konkurransekrafta til den etablerte industrien og at vi vil gjere det lettare å etablere nye arbeidsplassar og ny verksemd.

Utsleppa er i dag dei lågaste sidan tidleg 90-tallet. Men vi skal vidare og innan 2030 skal vi lukkast med å minst halvere utsleppa. Energipolitikken er svært viktig for at vi skal nå klimamåla. Det overordna målet med energipolitikken må vera høg verdiskaping gjennom effektiv og miljøvennleg forvaltning av energiresursane.

Vestland er klar til å stå i front for å auke produksjonen av lønsam og fornybar energi, og gjere denne tilgjengeleg for verdiskaping. Elektrifisering gjer Vestland grønar og meir framtidsretta, med lågare utslepp og samtidig vekst i næringslivet.

Vestland fylkeskommune støttar ei satsing på byggje ut straumnettet slik at ein kan ta tilgjengeleg kraft i bruk raskt. Samtidig er ein positiv til prosjekt som aukar produksjonen av vasskraft, og til satsinga på hydrogen og havvind. Noreg skal vere et lågutsleppsamfunn i 2050, og hydrogen kan vere ein viktig energibærer for å kutte utslepp, særleg innen transport.

Vestland fylke treng ei sterk petroleumsnæring også i åra framover. Olje- og gassektoren skaper verdiar og har kompetanse som er viktig for å utvikle ny teknologi og nye bedrifter også utanom oljenæringa. Den er heilt avgjerande for at Vestland skal kunne vere med å dra lasset i kampen for eit grønar samfunn.

Avrøysting

Kongsvik sitt forslag vart vedteke mot 29 røyster (MDG, U, A, FNB, R, SV).

Vedtak

Energi til arbeid

Energi til arbeid Vestland fylkeskommune viser til Stortingsmeldinga «Energi til arbeid» og støttar hovudføremålet om å skape utvikling, arbeidsplassar og nye mulegheiter for Norge samtidig som utsleppa blir kutta.

Vestland fylkeskommune ser det som svært viktig å bruke energiresursane våre til å skape vekst og nye arbeidsplassar. Rundt 200.000 nordmenn er heilt eller delvis arbeidsledige og fleire bedrifter ligg med broten rygg. Vi må skape nye og bevare eksisterande arbeidsplassar i privat sektor. For å lukkast med dette må vi sikre konkurransekrafta til den etablerte industrien og at vi vil gjere det lettare å etablere nye arbeidsplassar og ny verksemd.

Utsleppa er i dag dei lågaste sidan tidleg 90-tallet. Men vi skal vidare og innan 2030 skal vi lukkast med å minst halvere utsleppa. Energipolitikken er svært viktig for at vi skal nå klimamåla. Det overordna målet med energipolitikken må vera høg verdiskaping gjennom effektiv og miljøvennleg forvaltning av energiresursane.

Vestland er klar til å stå i front for å auke produksjonen av lønsam og fornybar energi, og gjere denne tilgjengeleg for verdiskaping. Elektrifisering gjer Vestland grønar og meir framtidsretta, med lågare utslepp og samtidig vekst i næringslivet.

Vestland fylkeskommune støttar ei satsing på byggje ut straumnett slik at ein kan ta tilgjengeleg kraft i bruk raskt. Samtidig er ein positiv til prosjekt som aukar produksjonen av vasskraft, og til satsinga på hydrogen og havvind. Noreg skal vere et lågutsleppsamfunn i 2050, og hydrogen kan vere ein viktig energiberar for å kutte utslepp, særleg innan transport.

Vestland fylke treng ei sterk petroleumsnæring også i åra framover. Olje- og gassektoren skaper verdiar og har kompetanse som er viktig for å utvikle ny teknologi og nye bedrifter også utanom oljenæringa. Den er heilt avgjerande for at Vestland skal kunne vere med å dra lasset i kampen for eit grønar samfunn.